

# **Styremøte Sunnmør Skyttarsamlag 21.01.2019**

Sted: Olsvika

Desse møtte: Ola Vangen, Ola Kåre Dybvik, Helge Hollund Surdal, Trine Ramsvik

Stette, Kjell Oddvar Frøysa og Gaute Aamlid

Desse møtte ikkje: Bjørn Egil Larsen

## **1/2019 - Gjennomgang av det nye styret og arbeidsoppgåver**

Styret i 2019 består av:

Leiar – Ola Vangen

Nestleiar – Ola Kåre Dybvik

Kasserar – Helge Hollund Surdal

Ungdomsleiar – Trine Ramsvik Stette

Styremedlem/Utdanningskontakt – Kjell Oddvar Frøysa

Styremedlem – Gaute Aamlid

Styremedlem – Bjørn Egil Larsen

Arbeidsutgåvene blei fordelt ut etter verva til kvar enkel.

## **2/2019 - Oppdatering samlagsstemnet miniatyr**

Oppdatering frå samlagsstemnet er at påmeldinga er avslutta og oppropslistene er ferdig oppsett. Engesetdal/Skodje har publisert listene på sine heimesider og leiar sende ut listene til alle skyttarlaga på e-post og legg det også ut på facebook.

Det som ikkje er komt inn pr nå av premieringa til stemnet frå samlaget er glasspokalane som blir utdelt til vinnarane i R, ER, J og 3-5 og ungdomsmedaljene til nr. 2 og 3 i ungdomsklassene.

## **3/2019 - Oppdatering landsdelskretsstemne miniatyr**

Oppdatering frå LDKS er at påmeldinga er nå åpen for alle samlag. Kretsen har kontroll på sin premierung og arrangørlaget, Langevåg, har bra kontroll på forberedelsane til stemnet.

## **4/2019 – Miniatyrcup**

Finalane i miniatyrcupen nærmar seg og det er berre to kvalifiseringsstemne igjen før finalane. Første finala er for kl 3-5 + EJ på Stranda 4.feb. Veteran klassene har finale i Ørskog og kl NV, 1 og 2 i Aalesund 5. feb. Og ungdommane har si finale i Sunnylven 6.feb. Medaljene er komne og arrangørlaga vil få dei utdelt før finala.

Innbyding blir sendt ut til dei kvalifiserte etter dei to siste kvalifiseringsstemna søndag kveld.

## **5/2019 – Eventuelt**

- 5a - Langtidsplan 2016-2020

Langtidsplanen går inn i siste fase der skytebaneanlegg og sikkerheit på skytebane er hovedfokus for dei to siste åra. Dette betyr at det blant anna blir tatt eit ekstra tak i å informere og kurse skytebanekontaktene i korleis dei skal følge opp skyttarlaga på dette punktet. Banekontakta i samlaget, Ove Tomren, reiser på seminar i regi DFS i midten på mars.

- 5b – Kurs for nyvalgte, regionalt seminar og leiarsamling

Den nye ungdomsleiaren var på kurs for nyvalgte på Gardermoen forrige helg og fekk litt input i kva og korleis ein kan vere ein ungdomsleiar.

Leiar reiser på leiarsamling på Gardermoen, som går parallelt med regionalt seminar. Ingen andre frå styret har anledning til å reise på seminaret.

- 5c – Kurs/Samlinger 2019

Diverse samlingar som samlagsstyret ser for seg som aktuelle for 2019:

- Ungdomssamling i samlaget i oktober
- Muligens ungdomssamling i kretsen
- Sosialt samvær på div meisterskap